

60 feirar jonsok øverst i dalen

23.06.2011



Jonsokfeiringa er igang fleire stader i bygda, men flest har den førebels samla ved Fjellandsbøvatnet. Der var rundt 60 på plass då bålet vart tent ved halv seks-tida. Det truande veret påskynda arrangementet, som er halde på denne staden i rundt rekna 15 år.

Eldre folk kunne hugsa at feiringa då dei var unge gjekk føre seg noko lenger ned, på Storhaug.
Etter båltenninga er det grilling og folk har det hyggjeleg i lag.
Slett ikkje alle er heimehøyrande oppe i dalen.

Bønder i bygda er samla til jonsokfeiring på Myklebust, Det må tolkast som ein programpost i den nye giv som bondelaget er inne i. Bålbrening og hesteskokasting er to av programpostane.

Bileta er frå Fjellandsbøvatnet.

(Foto: Ola Matti Mathisen og Tore Mathiesen)

